

## **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

### **Spørsmål frå representanten Terje Kollbotn (R):**

Jølster hotell er eit hotell bygd i sveitserstil i tre etasjar og oppført i 1888. Hotellet har også vore pensjonat og no sist nytt til asylmottak i to periodar, no sist i perioden 2010 - 2017. Magne Støfring kjøpte hotellet etter nedlegginga av asylmottaket og selde hotellet til Coop. Eigedomssjefen i Coop seier at det ikkje er klart om dei riv hotellet eller bygger om til butikklokale. Fylkeskommunen har god kjennskap til kulturminneverdien av hotellet og har tidlegare kome med råd til istandsetting og tilstandsvurdering av hotellet. Ein av tidlegare eigarar har også søkt Norsk Kulturminnefond om midlar, men fekk avslag. Fagpersoner har uttalt til avis Firda nyleg om at hotellet i hovudsak er i god stand.

Nyhenda om at hotellet er selt til Coop har vekt reaksjonar og bekymring lokalt, regionalt og nasjonalt. Raudt er bekymra for at eit slikt kulturminne risikerer å bli rive til fordel for lokale med ei anna utforming som tradisjonelle butikklokale på ei sentral tomt på Vassenden.

### **Spørsmål:**

1. Korleis kan fylkeskommunen i samarbeid med Sunnfjord kommune påverke ny eigar til å ivareta den gamle delen av hotellet istaden for å rive hotellet?

### **Svar på spørsmål:**

Administrasjonen v/ KII-Kulturarv, har gjennomført eit orienteringsmøte med Sunnfjord kommune om Jølster hotell i samband med medieoppslag den siste tida. Kommunen, ved kommunedirektør, einingsleiar for areal og bygesak, og kommunalsjef for kultur og idrett, kunne i møte stadfeste at dette pr. i dag ikkje var ei sak som kommunen har motteke for handsaming etter plan- og bygningslova, og at eigar framleis er i planleggingsfasen. Planstatus pr. i dag er at Jølster kommune var ein av få kommunar i Vestland som ikkje har jobba planmessig med kartlegging og verdivurdering av eigne kulturminne. Sunnfjord kommune må no difor utarbeide ein samla kulturminneplan for heile den nye kommunen. Hotellet er i gjeldande kommuneplan omtalt som eit signalbygg i Jølster, men hotellet er pr. i dag ikkje omfatta av noko formelt, juridisk vern heimla i plan- og bygningslova. Vestland fylkeskommune har vore tydeleg på at det er knytt regional kulturminneinteresse til Jølster hotell og vi ynskjer vidare å vere i dialog med kommunen om prosjektet knytt til hotellet.